

**Fra:** "Tjøstov Eikemo" <kongle\_eik@hotmail.no>  
**Sendt:** lørdag 31. august 2024 17.02.53  
**Til:** "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>  
**Emne:** Høringsuttale 202320330  
**Vedlegg:** IMG\_3314.PNG, IMG\_3315.PNG, IMG\_3316.PNG, IMG\_3317.PNG,  
IMG\_3318.PNG, IMG\_3319.PNG, IMG\_3321.PNG

**Innspel til Høringsuttale 202320330  
Og vilkårsrevisjon 201913014  
Tjøstov Eikemo**

Dei 60 år gamle anlegga som vart bygde i Røldal og Øvre Suldal vart bygde for å forsyne industrien med kraft, og då spesielt aluminiumsverket på Karmøy. Noreg var i utbygging av industri og arbeidsplassar, og dermed i beit for kraft. Slik situasjonen var vart det enkelt å realisere ei kraftutbygging som den i Røldal og Suldal. Dette var ei viktig utbygging for industrien og dermed desto meir brutal. Det vart bygd store magasiner med ei meget fleksibel reguleringshøgde som gjorde at det vart mogleg å produsera store mengder straum heile året.

Dette vart med åra akseptert, ettersom at etter 60 år skulle heimfallsretten trå i kraft og me i Røldal og øvre Suldal, eller Ullensvang og Suldal kommune skulle få noko att. 60 år har passert og Røldal og Suldal sit påny med kjensla av å ha blitt overkøyrte og lurt. Hydro klarte gjennom nye lovverk og fusjonen med Lyse kraft å overta kraftanlegga utan at Ullensvang og Suldal kommune fekk så mykje som ein kakesmule, sjølv sagt utanom skatte- og konsesjonsinntekter, som dei ville ha fått uansett kven som eigde kraftverka.

På grunn av den brutale og voldsomme utbygginga som fann stad for 60 år sidan var det viktig med ny konsesjonsbehandling både for å kunne oppgradere og forbedre metodane og dermed muligens kunne tilbakeføre noko natur, få på plass nye viktige konsesjonskrav og erstatningar ovanfor grunneigarar, innbyggjarar og brukarar av naturområda. Her fekk Hydro/Lyse overta den 60 år gamle konsesjonen utan endring og for evig tid, og dette utan at grunneigarar og innbyggjarar fekk moglegheit til å seie noko som helst. Dette i seg sjølv er noko eg finn meget spesielt.

No er eg komen til dagens situasjon, og vil sei litt om mine erfaringar i reguleringsområda. Fyrst og fremst har me Røldalsvatnet som er regulert 17m. Votnamagsinet som er regulert 45m. Valldalsmagasinet som har reguleringshøgde på 80m. Ein fyrste fellesnemnar for desse magasinane er at dei ser skrekkelige ut. Bruk av desse magasinane er både tungvint og farleg for oss allmenne. Bruk av båt er håplaus store delar av sesongen ettersom vatna er så låge at det er umogleg å kome ned med noko båt. Når ein har fått båten ut på vatnet, kan ein ikke la den liggje utan å føre dagleg tilsyn med den, og sjølv då kan det gå gale, ettersom vannstanden kan variere drastisk.

Tilstanden for fjellauren som lever i desse vatna er sjølv sagt dårleg med så stor regulering.

Røldalsvatnet gjev ofte frå seg tjukk frostrøyk som blir liggande over heile bygda når vatn frå turbinen kjem ut i magasinet. Votnamagasinet har ein gammal og farleg betongdam som må utbetrast.

## **VALLDALEN**

Vinterstid er det ofte håplaust og farleg å ta seg fram, spesielt i Valldalen, som er ein viktig innfallspor til Hardangervidda. Hydro set opp eit skilt når dei meiner at isen er utrygg, og dermed skriv dei frå seg alt ansvar og «stenger» Valldalen for alle brukarar. Enkelte år har isen vore trygg så lite som 2 dagar heile sesongen. Til trass for at Hydro stenger dalen er det mange av oss som er nøydd å kome oss inn. Dette har ført til mykje arbeid og mange situasjonar. Eg har hatt mange lange turar til Valldalen, der me har blant anna har brukt heile dagen på brøyting av veg med tråkkemaskin, skjære oss gjennom islagte fossefall med motorsag, køyring på utrygg is med store mengder overvatn, gått gjennom is med tråkkemaskin og snøscooter, spa oss gjennom snøras gang på gang og blitt hindra av steinsprang langs veggen som hydro har bygd som eit konsesjonskrav langs Valldalsvatnet.

Vegen som Hydro har bygd langs Valldalsvatnet er ein livsfarleg veg, som dei nektar å ta ansvar for. Den er av åpenbare grunnar ubrukeleg stort sett heile vinterhalvåret, med tanke på ras og uframkommeligheit, med mindre den er blitt brøyta av privatpersonar. Sommaråret er den og livsfarleg etter mi meining, her kan det kome ras med både stein og andre lausmassar/flomskred. Det er og mange usikra skjæringer etter sprengningsarbeid, og det har seg slik at skjæringar som dette «lever» med åra og det fører til nedfall av store steinblokker. Eg har sjølv flytta steinblokker som har rasa ned i veggen. Kantsteinen langs veggen ligg for det meste velta eller nede i skråningene langs etter veggen.

Dette er noko av utfordringane som me møter i Røldal som lokale. Her har Hydro hatt mykje å ta tak i, i mange år, men ingenting eller minimalt er blitt gjort. Så lenge turbinen går er ikkje resten så nøye, er mitt inntrykk.

I mange år har desse kraftverka forsynt industrien med kraft, men EU har kraftmangel og Noreg vil gledeleg selja krafta vår til EU. Utlandskablane vart bygde og kraftmarkedet var totalt snudd på hovudet. Krafta vert seld på børs og har blitt ei gullgruve. Prisane går opp og ned i rykk og napp, og har blitt betydeleg mykje høgare. Dermed er det ikkje lenger lønsamt å produsere jamt og store mengde energi lenger, men derimot store mengder når prisane er høge. Når ein ser på prosjektet som Hydro/Lyse legg fram her, er det ikkje vanskeleg å sjå kva som er agendaen. Nemleg å tene betydeleg mykje meir pengar, ser ein på tala som er lagt fram er det openbart. Med ei så stor investering, og så lite økt produksjon i Kwh ser eg ikkje mykje verdi i argumentet til Lyse med at Europa treng meir kraft.

Her vil det bli stor sluke emne egna for effektiv og stor produksjon på kort tid, når det er gode prisar, og bunkring av vatn når prisane er låge. Det vil med andre ord bli drastisk mykje større

tapping og fylling av magasina enn det er idag, noko som vil føre til stor forverring av naturen og miljøet rundt magasina.

Me er no komen til 2024 og det har aldri vore meir fokus på natur og miljø. Det er strenge krav og vilkår for naturinngrep idag og eit stort fokus på tilbakeføring av natur. Dermed ville eg tru at eit anlegg som dette ville måtte gå gjennom ei streng ny konsesjonsbehandling, fordi her er det store moglegheiter for tilbakeføring og forbedring av natur og miljø.

Min konklusjon er at prosjektet som Hydro/Lyse her søker om er galskap. Alt eg har skreve om i dette innlegget vil bli forverra ved ei slik utbygging. Med reguleringshøgder som er så store som her vil det bli katastrofalt med pumpekraftverk slik som dei søker om her. Desse anlegga må utbetrast med natur, miljø og lokalsamfunn som ein raud tråd, fordi alle dei tre nemde har fått nok av dagens drift.

Ønsker tilbakemeldig på mottatt innspel.

Mvh Tjøstov Eikemo  
Fjell -og bergverksfagarbeidar  
Tunelldrivar i kraftbransjen